

Sportsplan for Eid IL Fotball

2022 – 2024

Del 1 - Verdigrunnlaget

Sportsplanen skal vere klubben si handbok for styret, trenarar, lagleiarar, støtteapparat, foreldre og spelarar.

Styret skal jobbe systematisk og langsiktig. Sportsplanen skal vere eit verktøy som skal kvalitetssikre all aktivitet, slik at alle i Eid IL Fotball skal få eit godt fagleg, sosialt og likeverdig tilbod.

Sportsplanen skal bevisstgjere trenarane og lagleiarar på dei arbeidsoppgåvene dei har teke på seg. Trenarar og lagleiarar skal følgje dei retningslinjene som ligg i sportsplanen.

Planen skal reviderast kvart 2.år, innan årsmøtet. Sportsplanen vert endeleg godkjent av styret.

Innspel knytt til gjeldande sportsplan, kan tildelast styret eller dagleg leiar.

Innholdsfortegnelse

Visjon, verdigrunnlag og dugnadsarbeid	2
Mål	2
Dugnadsarbeid	3
Organisering av fotballen i Eid	3
Dommar	3
Trenar	4
Lagleiar	4
Føresette	5
Spelaren	5
Eid IL Fotball sitt interne reglement for deltaking i cup/turnering	6

Visjon, verdigrunnlag og dugnadsarbeid

Visjon

Fotballglede for alle.

Eid IL Fotball skal vere ein inkluderande fotballklubb. Vi skal gje alle spelarar og frivillige, den beste føresetnad for utvikling som fotballspelar, i tillitsvalt rolla og som menneske i eit inkluderande miljø.

Verdigrunnlag

- Eid IL Fotball skal vere klubbstyrt. Det er klubben som set premissane for utvikling og korleis vi driv den sportslege aktiviteten. Klubben sin gjeldande sportsplan, set rammene for korleis vi vil ha det i Eid IL Fotball.
- Eid IL Fotball skal følgje NFF sine rådgjevande retningslinjer.
- Eid IL Fotball skal ha fokus på spelarutvikling.
- Eid IL Fotball skal vere ein klubb med stor fokus på alle born og unge, uavhengig av kjønn, religion, ferdigheter, alder og anna.
- Eid IL Fotball skal ha eit godt sportsleg tilbod tilpassa føresetnadar og ambisjonsnivå til den enkelte spelar.
- Vi skal vere opptekne av Fair Play.
- Vi har nulltoleranse for mobbing og rasisme.
- Vi skal ha eit godt samarbeid mellom årskull og lag i klubben.

Mål

- Eid IL Fotball skal jobbe aktivt med å utvikle klubben i ei inkluderande og tidsrett retning.
- Vi skal ha som mål å vere ein klubb som set fokus på idrettsglede, fellesskap og helse.
- Vi skal ha som ambisjon å utvikle fotballspelarar og gode menneske gjennom eit godt sportsleg tilbod, tilpassa føresetnadane og ambisjonane til den enkelte spelaren.
- Eid IL Fotball ønskjer å vere representert på dei ulike representasjonslaga for SFFK.
- Vi skal ha vere ein attraktiv klubb, med eit positivt omdømme.
- Eid IL Fotball skal kvart år tilby frivillige og tilsette i klubben utdanning/kurs.
- Eid IL Fotball skal kontinuerlig jobbe for å rekruttere dommarar, trenarar og andre tillitsvalte.
- Eid IL Fotball skal jobbe for utvikling av anlegg.

Dugnadsarbeid

I Eid IL Fotball skal og må dagnadsånda vere fundamentet hos alle, både i organisasjonen sitt styre og ulike utval, og blant trenarar/lagleiarar, spelarar og føresette.

I Eid IL Fotball er det forventa at ein stiller på dagnad, når klubben bed om det.

Organisering av fotballen i Eid

Styret, SU, tilsette

Styret er klubben sitt høgste organ. Styret vert valt på årsmøte for Eid IL Fotball. Styret har det overordna ansvaret for utvikling og drift av klubben som organisasjon, og det sportslege tilbodet.

Tilsette i klubben skal jobbe utifrå utarbeid stillingsinstruks, gjeve av styret. Tilsette er underlagt styret, med oppfølging av styreleiar.

Styret skal orientere trenarar, lagleiarar og andre medlemmar om tilsette, og deira funksjon/oppgåver.

Sportsleg utval «SU».

Klubben skal ha eit sportsleg utval. Styret skal orienterast om aktivitet og saker som er oppe i SU. Dette utvalet skal saman med styret, vere det organet som ser til at aktivitetane skjer i tråd med klubben sin Sportsplan, og elles Norges Fotballforbund sine retningslinjer.

SU, og styret, har ansvar for utvikling av Sportsplanen.

SU har, saman med styret, det overordna ansvaret for å sjå til at sportsplanen vert følgt, og skal sjå til at det sportslige tilbodet i klubben er godt for alle.

SU skal jobbe for gode langsiktige planer med tanke på spelarutvikling, trenarutvikling og dommarutvikling - og bidra til at klubben får realisert planane.

Dommar

- Dommar skal bidra til god kommunikasjon med klubben sitt styre/SU, tilsette, trenarar og lagleiarar.
- Dommar skal bidra til fokus på Fair Play.
- Dommar skal ha fokus på læring overfor spelarane og støtteapparatet.
- Dommar skal bruke Eid IL Fotball sine profilerte kle, når ein representerer klubben.
- Dommar skal bidra til å rekruttere dommarar i klubben, og inkludere desse på best mogleg måte.
- Dommar har ansvar for eiga utvikling, vise interesse for kurs/utdanning.

Trenar

- Trenar har ansvaret for den sportslege aktiviteten i si treningsgruppe.
- Trenar skal følgje Eid IL Fotball sin Sportsplan og elles dei retningslinjer for barnefotball og ungdomsfotball, utvikla av NFF.
- Trenar har ansvar for at alle typar spelarar uavhengig av modning, kjønn, religion, fysiske/psykiske hemningar, skal alle få eit godt tilbod og gode forutsetningar for utvikling.
- Trenar skal jobbe for gode sosiale relasjonar i spelargruppa, og gje ros og oppmuntring for å skape trivsel i gruppa. Trenar skal også setje gode og trygge rammer rundt trening og kamp, og fokusere på positive løysingar som gjev meistrings kjensle blant spelarane. Trenaren skal vere eit godt forbilde for spelarane. Det skal vere ein samheng mellom det ein seier og det ein gjer.
- Trener skal fremje fokus på Fair Play, både i laget, i klubben, mot medspelarar og dommarar.
- Trenar i Eid IL Fotball skal streve mot eiga utvikling som trenar. Klubben ønskjer at trenarar tek tilbydde kurs, og deltek på trenarforum i klubben.
- Det er viktig at trenar har god dialog med foreldregruppa i laget.
- Trenar skal bruke Eid Fotball sine profilerte kle, som er tildelt når ein representerer klubben.

Lagleiar

- Alle lag i seriespel skal ha lagleiar.
- Lagleiar skal veljast blant føresette på foreldremøtet. Lagleiar får tildelt lagleiarinnstruks frå klubben.
- Lagleiar er føresette sin kontaktperson inn mot trener og klubben sitt styre/SU. Lagleiar skal bidra til eit godt samarbeid med trenarar, andre lagleiarar, styret/SU og sportskoordinator.
- Lagleiar skal bidra med praktisk organisering kring laget sine aktivitetar.
- Lagleiar skal fremje verdiane i Fair Play. Lagleiar skal gjere føresette kjende med foreldrevettreglane.
- Lagleiar skal kjenne til Eid IL Fotball sin sportsplan, og bidra til å sjå til at sportsplanen vert følgt i gruppa. Lagleiar har rett til å gripe inn om sportsplanen ikkje vert følgt.
- Kommuniser med spelarar og foreldre gjennom media, som skal vere valt på foreldremøte. Respekter aldersgrenser på sosiale medium som t.d. Facebook.
- Lagleiar/trenar skal bidra til at det vert gjennomført eit foreldremøte i starten på sesongen. Her skal ein gå gjennom innhaldet i sportsplanen, velje lagleiar om det ikkje allereie er valt, ta opp tema som cup, Fair Play, dugnadsarbeid i klubben og anna aktuelt.
- Lagleiar kan delta på trenerforum om ønskjeleg.

Lagleiar skal bruke Eid IL Fotball sine profilerte kle, når ein representerer klubben.

Føresette

- Vis interesse for borna og ungdomen. Still opp på kamp og trening. Gje positiv støtte og tilbakemelding til alle på laget. Dette bidreg til å skape eit godt miljø.
- Føresette skal respektere trenaren si rolle og avgjersler. La trenarane få gode og ryddige arbeidsforhold, og opphald deg på motsett side av trenar og spelar under kamp. Føresette skal ikkje «coache» spelarane.
- Gjer deg kjent med foreldrevettreglane, og ver eit godt førebilete overfor spelarane. Respekter dommaren sine avgjersle.
- Alle føresette oppfordrast til å setje seg inn i klubben sin sportsplan.
- Møt opp på foreldremøte, og still opp på dugnad og andre arrangement i regi av Eid IL Fotball.
- Lagleiar er føresette sin kontaktperson ved eventuelle spørsmål.

Spelaren

- Spelaren må sjølv vise ansvar for å utvikle egne ferdigheter. Møt presis til trening og kamp, og meld alltid ifrå viss du ikkje kan møte til trening eller kamp.
- Spelaren skal representere Eid IL Fotball på ein best mogleg måte gjennom å vise lojalitet til klubben, til eige lag, og vise respekt både for medspelarar, motstandarar og dommarar.
- Vis alltid god folkeskikk!! Banning og mobbing eller anna nedverdiggande ytringar mot andre menneske, er ikkje akseptert.
- Bruk av rusmidlar i samband med trening, kamper, sosiale arrangement og turneringar i regi av Eid Fotball, er ikkje akseptert.
- Ta del i fellesoppgåver og dugnadsarbeid med ei positiv innstilling. Bidra til å halde orden på laget sitt utstyr, og rydd etter deg når du har vore på trening.

Eid IL Fotball sitt interne reglement for deltaking i cup/turnering

Barnefotball

Eid IL Fotball vel å slutte seg til NFF sine råd knytt til cup/turnering:

«NFF anbefaler en progresjon i reiseavstander til cuper og turneringer, i takt med økt alder.

Den overordnet målsetting ved deltakelse i cuper og turneringer er å styrke miljøet og samholdet i laget, og samtidig gi et godt sportslig tilbud som er med på å utvikle både laget og spillerne.»

Forutsetningar for cup/turnering

Målsetting og retningslinjer for deltaking skal bidra til trygge og positive opplevingar for alle involverte, spelarar, leiarar, trenere, vaksne og andre.

Det skal ligge ein progresjon i både tal døgn, avstand til turnering og fasilitetar rundt val av turneringar for barn og ungdom.

Unødig dyre reiser og turneringar som kan bidra til å forsterke sosioøkonomiske ulikheiter i den enkelte lag, er ikkje ønskeleg.

Val av turnering

Ved val av turnering bør klubben vurdere ein del ulike faktorar.

Det er viktig at klubben planlegg i god tid, slik at det passar inn i forhold til ferieavvikling.

Spelarar, trenarar og føresette bør vere involvert i prosessen med val av turnering.

Samtidig bør det avklarast om laget ønskjer å reise på ei stor turnering eller om det passer betre med ei mindre turnering. For dei yngste laga vil det naturleg nok vere avgjerande om føresette kan vere med, og derfor er det viktig å ta desse med på råd.

Ei stor turnering kan planleggast som eit høgdepunkt i sesongen. I mange klubbar blir ofte denne eine turneringa lagt til sommarferien, då kan det vere lettare å få med seg vaksne.

Lokale turneringar kan vere noko klubbane deltar på for å gi eit tilbod til laget i nærområdet. Det bør ikkje vere noko vegen for å delta på fleire turneringar i lokalmiljøet eller innanfor kretsen. Spesielt er det flott om klubbane melder på lag i turneringar som vert arrangert i forkant og i etterkant av seriespel. Dette gjer fotballsesongen lengre.

Innhald

Når klubben skal vurdere kva slags turnering laget skal delta på, bør det takast omsyn til kva arrangøren har å tilby når det gjeld:

- *Tal kampar som laget får spele*
- *Informasjon ved påmelding og oppfølging før og undervegs*
- *Nye motstandarar i forhold til det ordinere seriesystemet*
- *Tidsintervall mellom kampar*
- *Grad av likeheit i nivå i turneringa*
- *Banekvalitet*
- *Eventuelt overnattingsmoglegheitar og fasilitetar*
- *Aktivitetar utanom det sportslege*
- *Kostnad i forhold til tilbod*

Ut frå dette må ein gjere ei vurdering av kva slags turnering som gir det beste sportslege og sosiale tilbodet.

PROGRESJON

Klubben må vere medviten i høve val av turneringar ut frå alderstrinnet laget er på. Dette er viktig for å sikre at spelarane vil sitte igjen med positive fotballopplevingar.

Klubben bør derfor lage nokre «interne retningslinjer» om kor dei enkelte årsklassane skal kunne delta. Avstanden frå «heimemiljøet» til turneringa bør auke i takt med alderen. På denne måten sikrar ein progresjon i turneringstilbodet.

For å ivareta desse anbefalingane, bør klubben passe på at NFF sine tilrådingar blir følgt, spesielt når det gjeld klassane 12 år og yngre - der NIF sine reglar om barneidrett er overordna.

10 år og yngre

For spelarar 10 år og yngre, så bør desse i hovudsak delta i kampar/turneringar i lokalmiljøet (bukommune, nabokommune, med inntil 1 time reise ein veg).

11-12 års klassane

Desse klassane bør i all hovudsak delta i kampar/turneringar innan kretsen, nabokretsane og i Noreg. Som eit høgdepunkt i sesongen kan laget delta på ein turnering i Norden.

I deltaking i utslagsturneringar i Norden (der borna fyller 11/12 år i kalenderåret) skal det spesielt vektleggast:

- *Klubben skal i forkant av turneringa skape ein felles forståing hjå alle involverte i høve turneringsgjennomføring på, rundt og utanfor bana.*
- *Heile årstrinn frå klubben skal ha moglegheit for å delta*
- *Det skal vektleggast jamnbyrdigheit innan i laget/laga*
- *Alle spelarane skal få tilnærma lik speletid»*

I tillegg til NFF sitt cupreglement, gjeld følgjande for Eid Fotball

I Eid Fotball skal ALLE spelarar ha tilbod om å vere med på samlege turneringar.

Sosialt fellesskap og moro er hovudmålet med å delta i cup/turnering. Vi reiser som eit lag, der alle har stor betydning for laget.

Cup - Ungdomsfotball

- Sosialt fellesskap og moro skal vektleggast! Vi reiser samla som eit lag, der alle har stor betydning for laget.
- Det skal gjennomførast eit foreldremøte i forkant av turneringa. Her skal ein skape ei felles forståing blant alle involverte knytta til mål med turneringa, inndeling av laga og turneringsgjennomføring - på, rundt og utanfor banen.
- Inndeling av laga bør gjerast slik at alle spelarar får ei god turneringsoppleving og godt med speletid. Inndeling av laga må gjenspegle målet med deltaking i turneringa

Innandørs KM

Dette er eit turneringsspel om kretsmestertittel i Sogn og Fjordane.

- Treningsgruppene kan velje å stille eit sterkare lag i turnering. Lag 2 og 3 i same treningsgruppe, skal vere jamngode. Men likevel er det viktig at vi i treningsgruppene tek omsyn til turneringsoppleving og trivsel for spelarane.
- Alle spelarar skal ha tilbod om å delta i KM
- Spelarar som har spelt på eit lag som kvalifiserer seg til sluttspillet, skal også representere laget under sluttspillet.

13 – 17 år:

Desse klassene bør i all hovudsak delta i turneringar innan kretsen, nabokretsane og i Norge. Som eit høgdepunkt i sesongen kan laget delta på éi turnering i Norden.

17-19 årsklasser

Desse klassane bør i all hovudsak delta i kampar/turneringar innan kretsen, nabokretsane og i Norge. Som eit høgdepunkt i sesongen kan laget delta på éi turnering i Norden.

Samarbeid trenar, lagleiar og føresette i forkant av val turnering.

Det skal avviklast foreldremøte i alle årsklasser, i forkant av påmelding cup/turnering. Unntak er Kongleriket miniputt turneringer. Seniorlag avviklar spelarmøte.

På foreldremøte skal trenere, lagsleiarar og føresette i samarbeid kome fram til:

- Val av turnering
- Mål med cup/turnering
- Økonomi: korleis leggje opp til dette slik at ingen born/ungdomar vert ekskluderte.
- Praktiske utfordringar, fordeling av praktiske oppgåver: eks. ansvar for borna, vakter ved overnatting, transport, økonomistyring,

Eid IL Fotball bed alle vaksne ta ansvar for at ingen born/ungdomar/vaksne vert ekskluderte frå deltaking i cup/turnering. Med dette meiner vi at ein skal unngå unødige dyre reiser og turneringar, overnattingsmåtar - som kan bidra til å forsterke sosioøkonomiske ulikheiter i dei enkelte laga.

Som vaksne tillitsvalte og føresette, har vi eit medmenneskeleg ansvar for kvarandre.

Det er ikkje ønskjeleg at ein nyttar overnatting på hotell framfor skule og liknande, utan at det føreligg spesielle årsaker til dette.

Føresette har ansvar for spelarane under deltaking på cup/turnering.